

Handsaming i Formannskapet 25.02.2016:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

1. Det vert vist til rådmannens saksutgreiing som er ein del av høyringsuttala frå Vinje kommune.
2. Vinje kommune legg til grunn at framlegg til nye kostnadsnøklar fangar opp dei forholda som forklarar dei ufrivillige kostnadsskilnadane i kommunane knytt til levering av velferdstenester.
3. Bruk av tal på heiltidstilsette i staden for utdanningsnivå i kostnadsnøkkelen for barnehage bør nyttast.
4. Høyringsframlegget til nytt inntektssystem tek innover seg at geografiske tilhøve avgrensar høvet for å hente ut stordriftfordelar ved kommunesamanslåingar. Avstandar og geografi er forhold som ligg fast og som ikkje kan påverkast av kommunale vedtak. Denne prinsipielle tilnærminga synast å vera fornuftig.
5. Det bør arbeidast vidare med strukturkriteriet slik at det ikkje gjev utilsikta verknadar og for store omfordelingar.
6. Det er unaturleg at det ikkje er same skatteinntektsgrensa for regionalpolitiske tilskot over inntektssystemet. Vi oppfattar det ikkje som aktuell politikk å senke grensa for utløyning av veksttilskot, og ser det difor som aktuelt og naturleg at skatteinntektsgrensa for distriktstilskotet for Sør-Noreg (inkl. for småkommunetillegget for dei med færre enn 3 200 innbyggjarar) vert heva til 140 %.
7. Skatteinntektsandelen i kommuneopplegget bør haldast innanfor rundt 40 %, slik som har vore tilfelle dei seinare åra.
8. Dagens inntektsutjamning balanserar omsyna til lokalt sjølvstyre og kommunane sitt høve til å gje likeverdige velferdstilbod.
9. Framlegget om å auke den lokale retten til å skattleggje ved å tilføre kommunane inntekter frå selskapsskatten er eit godt framlegg for å styrke det lokale sjølvstyre. Framlegg om tilbakeføring av selskapsskatt bør også omfatte auka verksemd innanfor naturbaserte næringar.
10. Vinje kommune sluttar seg til LVKs kommentarar til høyring om nytt inntektssystem.